


Arkeologiske registreringar og funn - 2016 - kort oppsummering

Nærings og kulturavdelinga gjennomførte 46 arkeologiske registreringar i 2016. Det vart gjort nye funn av automatisk freda kulturminne i 21 av registreringane, noko som gjev ein funnprosent på 46%.

Det er ein vesentleg auke frå funnprosenten på 16% frå 2015. Auken kan skuldast ein prioritert tettare oppfølging av arkeologane i felt og opplæring i utmarkregistrering og maskinell sjakting.

Av dei totalt 46 registreringane vart 19 gjennomførte i samband med reguleringsplanar, 16 i samband med vass og energisaker, ei landbrukssak og ti andre saker/tiltak. Fire av registreringane i 2016 var rekna som mindre private tiltak og vart gjennomførte vederlagsfritt.



Automatisk freda kulturminne



Førhistoriske dyrkingsspor

Dyrkingsspor er restar etter førhistorisk jordbruk. Dei er viktige kjelder til informasjon kring den førhistoriske jordbruksutviklinga i fylket. Frå dyrkingsslaga kan arkeologar og botanikarar hente ut informasjon kring etablering av jordbruket på ein stad, kva ein dyrka, om ein hadde beitedyr, når det var u-år, når jordbruket på ein stad stogga som følgje av naturkatastrofar osv.

I 2016 utgjer dei førhistoriske dyrkingsslaga den største funnkategorien og vart påvist i ulik grad i 14 av 21 funnførande registreringar.

Nokre funn er verdt å trekke fram.

I Gloppen vart det funne omfattande dyrkingsspor på Byrkjelo. 15 førhistoriske dyrkingsspor vart registrert i samband med etablering av ny jordkabel mellom Felde og Myklebustdalen. Dateringane syner tidleg jordbruksaktivitet frå overgangen yngre steinalder/eldre bronsealder og vidare oppover i førromersk jernalder (1900 f.Kr. – 0 f.Kr.).

Funna på Byrkjelo underbyggjer det bilete vi har av Byrkjelo og Gloppen som ein kommune med gode tilhøve for etableringa av tidleg jordbruk.

Mindre kjent er omfanget av førhistorisk jordbruk i Selje. I samband med undersøkingar av planområde for Stadt skipstunnell var det likevel funne ti førhistoriske dyrkingsspor. Dateringane syner at jordbruket var etablert på staden kring 2015-1915 f.Kr. Svært interessant er observasjonane og dateringane av verksemd attende til midtre og siste del av eldre steinalder med dateringar til 7000 og til 5300 før f.Kr.

Frå Sunnfjord vart dyrkingsslag i Leirdalen i Førde datert attende til førromersk jernalder (500 f.Kr.-0 f.Kr.). I område kring Holsen kyrkje vart fleifasa førhistorisk dyrking funne. Dateringane plasserer jordbruksaktiviteten attende til merovingertid (655-720 e.Kr) og til mellomalderen, 1155-1260 e.Kr. I Naustdal kommune på Bervellene vart førhistorisk dyrking datert attende til bronsealderen og eldre jernalder.

I Sogn vart det ikkje uventa registrert omfattande førhistorisk dyrking i Vik og i Sogndal. På Tenold i Vik vart jordbruksaktiviteten dokumentert frå yngre steinalder og opp i mellomalderen. Dyrkingsspora i Fardal i Sogndal kommune syner etableringa av jordbruket på staden i eldre bronsealder (1800 f.Kr) med ein seinare og omfattande dyrkingsfase i eldre jernalder.



Fleirfasa og trekolhaldige dyrkingslag er synlige i sjakteprofilen i Fardal.

Førhistorisk busetjing

Førhistoriske busetjingsspor omfattar alle kulturminne som kan knytast til ein stad der menneske har opphalde seg over lengre tid. Det omfattar bustadane deira, driftsbygningar og verkstader, produksjonsanlegg, avfallsdungar, kokegroper osv.


Spor etter førhistorisk busetjing vart funne i 7 av dei 21 funnførande registreringane.

På Moldestad i Gloppen vart det funne 31 stolpehol etter bygningar, samt kokegroper og eldstader. Funna kjem frå eit førhistorisk gardstun datert til førromersk jernalder og eldre jernalder.

Det spennande er at her ligg gardstunet også i dag og syner dermed til lang tradisjon i plasseringa av gardstun.

På Botnen i Hafslo, Luster kommune vart eit liknande tun påvist frå same tidsperiode. Det som skil Botnen tunet frå Moldestad tunet er førekomsten av gjenstandsfunn i form av jernnaglar og keramikkragment. Det skal i tillegg ha vorte registrert restar etter kulturlag, noko som er sjeldan bevart i det skrinne vestnorske jordsmonnet. Kulturlag er akkumulerte masser (avfall) etter menneskeleg aktivitet over lang tid.

I Øvstedalen i Sogndal fann arkeologane eit rundt 3x3 meter stort bygg med ein sentral nedgraving i midten. Denne bygningstypen vert sjeldan funne og vert anten tolka som ein form for driftsbygning knytt til eit større tun, eller som ei gravmarkering. Bygningen er C14 datert til 785-520 f.Kr, som svarar til førromersk jernalder.



Rund bygning frå Øvstedalen i Sogndal.

Vatlestadsverdet



På Vatlestad i Øvstedalen i Sogndal kommune fann arkeologane eit 90 cm langt einegga sverd. Sverdet kjem frå ei mannsgrav frå tidleg vikingtid (800 – talet e.Kr.) Grava inneheld fleire gjenstandar, blant anna ein meisel i jern.


Funnet er det einaste sikre gravfunnet frå Sogn og Fjordane i 2016.

Spør etter utmarksaktivitetar

Dei store utmarksregistreingane i 2016 vart gjennomførte i samband med kraftlinjeframføringar.

I samband med kraftlinja mellom Grindsdalen og Lidal i Leikanger/Sogndal kommune vart det funne fire nye førhistoriske stølar, trekolframstillingsanlegg, ein kvilestad frå yngre steinalder og ein mengde med etterreformatoriske kulturminne i form av tufter, murar, vegfar osv.

Stølane er C14 datert til vikingtid og mellomalderen.



Stølsanlegget i Skar består av 7 hestekoforma tufter. Anlegget er C14 datert til 1275-1310 e.Kr.